

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 20.oktober 2022

SAKLISTE

- GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
- GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ 01.09.2022
- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- KVALITETSMELDING FOR OPPVEKSTSEKTOREN 2022
- STATUSRAPPORT FINANS- OG GJELDSFORHANDLING PER 31.08.2022
- POLITISK ORGANISERING. VURDERING AV ORGANISERING GJELDANDE FRÅ NY KOMMUNESTYREPERIODE
- SAMARBEID MED PRIVATE OM UTVIKLING AV BUSTADOMRÅDE YTRE GULEN/SØRE GULEN. STATUS OG VIDARE POLITISKE FØRINGAR
- BEREDSKAPSPLAN FOR GULEN KOMMUNE REVISJON 2022
- GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ 20.10.2022

Stad og tid:

Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl.10:00. Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på nettsida til Gulen kommune: www.gulen.kommune.no Nye saker kan kome til.

Orienteringar

Det vert ei orientering knytt til kvalitetsmeldinga til barnevern og oppvekstsektoren. Politimesteren vil orientere om Nærpolitireforma.

Møtet er ope for publikum. Møtet kan også følgast digitalt. Følg med på kommunen si heimeside for utlagt link til møtet. Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal, Ordførar

Helsing frå ordføraren

Kjære alle. Vel overstått sommar.

Sommaren i år har vore heller dårleg med mykje nedbør. Dette har gjeve bøndene



store utfordringar med å få foret i hus. Eg kan ikkje hugse at vi tidligare har hatt 2. slåttan i september, så dette går nok utover formengde og kvalitet til vinteren.

Men her har vore lyspunkt også. Utkantfestivalen var tilbake att med full styrke, og når veret vart så bra som det vart, er dette eit arrangement som set kommunen vår på kartet. Dette er ein festival som appellerer til både unge og oss litt opp i åra. Tusen takk til styret og alle frivillige som skaper denne magien.

At dugnadsinnsatsen er på topp viser også att i Eivindvik Brygge. Det at nokon brukar sommaren på å skape aktivitet og trivsel i bygda, med ope hotell og utekonsertar, er heilt fantastisk. Tusen takk til gjengen bak det, og eg håpar det vert aktivitet også neste år.

Dei frivillige sin innsats ser vi godt att i alle bygdene våre, og det er det som gjer det så kjekt å bu her i kommunen. Vi bur spreidd her, og treng å ha møteplassar der vi kjem i lag og finn fellesskapet. Samfunnsplanen vår er no ute på høyring, og eit av dei tinga mange melder om i dei møta vi har hatt, er fleire møteplassar, så det er noko vi må jobbe med framover i tett samarbeid med alle dei frivillige vi har her i kommunen.

Elles skjer det mykje i kommunen vår. Vi har satsa mykje på bustadfelt. På Brekke vert det no lagt ut attraktive tomtar, og i søre del av kommunen arbeider vi med avtale med private utbyggarar om utvikling av bustadområde. Også på Dalsøyra arbeider vi med ein slik avtale. Alt dette legg til rette for at vi kan tilby gode bualternativ, og at vi er godt rusta for alle dei nye arbeidsplassane vi ser kjem her. Eg har god tru på at Gulen kommune skal få ei god framtid, og samfunnsplanen skal seie litt om korleis vi i lag skal få dette til. Difor er det viktig at de kjem med innspel til planen no når den ligg ute til høyring.

Helsing
Hallvard Oppedal



Samfunnsplanen til Gulen kommune er lagt ut på høyring og offentlig ettersyn

Samfunnsplan for Gulen kommune 2022 – 2034 er lagt ut til høyring og offentlig ettersyn i perioden 21. september til 02. november 2022, i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14.

Kort om planen

I samfunnsplanen er det teke stilling til dei langsiktige utfordringane vi møter etter kvart som samfunnet endrar seg. Samfunnsplanen har seks utvalde satsingsområde. I kvart område er det satt opp mål for kva kommunen ønskjer å oppnå og strategiar for å nå desse måla. Mål og strategiar vil vera førande ved utforming av underordna temaplanar, og kommuneplanen sin arealdel. Handlingsdelen inngår i økonomiplan som uttrykker korleis planen skal følgjast opp dei første fire år, med revisjon årleg.

Plandokument

Høyringsutkastet er tilgjengeleg på heimesida til Gulen kommune, www.gulen.kommune.no

Merknader til planen

Kommunen ber om at eventuelle merknader til Samfunnsplanen vert merka med «Merknad Samfunnsplan for Gulen kommune 2022 – 2034».

Høyringsfrist er **02.november 2022**.

Send til Gulen kommune:

E-post:
postmottak@gulen.kommune.no

Post:
Gulen kommune
Eivindvikvegen 1119
5966 Eivindvik

Gulatingsprisen 2022 og frist for innspel

Den aller første Gulatingsprisen vart delt ut 11.12.2008.

Også i år ynskjer Gulen kommune å få forslag til kandidatar til Gulatingsprisen. Føremålet med prisen er i følgje statuttane å: "Gje honnør til lag, verksemder, institusjonar eller einskildpersonar som siste året eller over lengre tid har gjort ein ekstra innsats for å utvikla næringslivet og eller lokalmiljøet i Gulen, enten gjennom eiga verksemd og/eller ved å leggje tilhøva til rette for andre".

Kven meiner du fortener Gulatingsprisen?

Grunngjevne forslag sender du til Gulen kommune:

E-post:
postmottak@gulen.kommune.no

Post:
Gulen kommune
Eivindvikvegen 1119
5966 Eivindvik

Frist for innspel er 15.11.2021.

Formannskapet vurderer kandidatar og tildeler prisen.



Fakturering av eigedomsgebyr/-skatt

Gulen kommune sender faktura på eigedomsgebyr/-skatt 4 gonger i året. No kan vi også tilby månadleg faktura for dei som ønskjer det. Ta kontakt på 57782000 eller postmottak@gulen.kommune.no dersom du ønskjer dette, og oppgje kva gbnr. det gjeld. Vi vil samstundes oppmode om at ein opprettar efaktura og/eller avtalegiro i nettbanken.

Helsing Økonomiavdelinga

Informasjon frå legekantoret

Legekantoret er åpent frå 08.00-15.30
Telefontid er frå 09.00-12.00 og 13.00-15.00. På fredagar er telefonen åpen frå 09.00-12.00 og 14.00-15.00

Ellers oppfordrar me våre pasientar til å nytte heimesida vår

www.Gulenlegekantor.no

Her kan du enkelt sende sms frå nettsida for å bestille time eller be om fornying av resepter.

På www.HelseNorge.no kan ein sjekke kva resepter ein har og kva for nokre som er utgått.

Alle resepter vil bli godkjent på slutten av arbeidsdagen.

Framtidsfullmakt



Demens og annan alvorleg sjukdom kan gjere til at du ein gong i framtida treng hjelp til å ta i vare ulike personlege og økonomiske interesser. Viss du opprettar framtidsfullmakt, kan du bestemme at nokon du stolar på, skal ta vare på dine interesser den dagen du ikkje klarar det sjølv. Ei slik fullmakt vil gje ein større grad av sjølvbestemming også etter at ein ikkje lenger er i stand til å ta stilling til spørsmål på eigne vegne. Ein vil då sjølv utnemne kven og korleis personar skal ta i vare eins personlege og eventuelt økonomiske interesser. For å lese meir verjemål og ulike typar fullmakter sjå www.vergemal.no. Der kan ein og finne eit eksempel på korleis ei framtidsfullmakt kan sjå ut.

Har du spørsmål om demens?

23 12 00 40
Demenslinjen

E-post: demenslinjen@nasjonalforeningen.no

Hukommelsesteamet i Gulen:
Brita Eidnes, tlf. 90 14 92 84 og Synnøve B. Giil, tlf. 91 10 41 88

Takk

Takk for minnegåve

Tilsette og bebuarar ved Byrknes bu- og omsorgssenter vil med dette få takke for minnegåva etter Berta Yttri Ånneland sin bortgang, hjarteleg takk.

Helsing tilsette og bebuarar ved omsorgssenteret v/Leiar Eva Vågheim

Takk for pengegåve

Kreftomsorga, i Gulen kommune, vil med dette få takke vårens avsluttande 10. klasse på Brekke skule for den generøse pengegåva på kr 9000,- som vi har mottatt frå overskuddet etter gjennomført klassetur. Vi skal sørge for at pengane vert nytta til glede for barn og ungdom som er/vert berørt (sjuk sjølv eller som pårørande) av kreft eller annan alvorleg sjukdom.

Helsing Kreftspl./ressursspl. Mona Hjartholm, einingsleiar/ressursspl. Nina Haveland.

Takk til frivillighetsentralen

Alle omsorgssentera i Gulen kommune vil med dette få takke frivillighetsentralen for kakene som vi fekk ifb med markering av eldredagen 1.10.22.

Helsing einingsleiar Eva Vågheim og einingsleiar Nina Haveland

Takk for båtturen

Vi vil med dette få takke Vidar Hop skyssbåter repr. av Terje Nyhammer og Ståle Dingen for båtturen enkelte av våre brukere på Gulen sjukeheim/Ebo, fekk glede av 20.9.22. Det vart ein fin liten rundtur i skjærgården vår ifb med ord. rute. Tusen takk.

Helsing bebuarar og ansatte i sone Eivindvik-Gulen sjukeheim v/aktivitør Eva Hågglund

TV-aksjonen NRK 2022

går til Leger Uten Grensers arbeid for å gi livreddende helsehjelp og medisiner til mennesker som trenger det mest.

I år går TV-aksjonen av stabelen 23. oktober

Atomberedskap i Norge

Med bakgrunn i den ustabile situasjonen i Ukraina ber no Direktorat for strålevern og atomberedskap (DSA) og Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) Statsforvalteren og kommunane gå igjennom sitt planverk for handtering av atomhendingar, og sjå om det bør gjerast oppdateringar og endringar i det.

Kjernekraftverket ved Zaporizjzja i Ukraina er i ein alvorleg situasjon. DSA ser med uro på dei stadige meldingane om kamphandlingar i nærleiken av anlegget, i tillegg til mangel på vedlikehald og utstyr som følgje av den russiske okkupasjonen. Ukrainisk driftspersonell er under betydeleg press og er prega av okkupasjonen av anlegget.

DSA overvakar situasjonen og har god kontakt med ukrainske styresmakter og det Internasjonale Atomenergibyrået (IAEA). Dei følgjer no spesielt med på informasjonen om tilstanden ved Zaporizjzja-kraftverket. Siste oppdaterte informasjon om situasjonen finn de her: <https://dsa.no/nyheter>

Om det skulle oppstå eit utslepp av radioaktivitet i Ukraina, og vinden bles mot Noreg, vil det ikkje føre til akutt helsefare for personar i Noreg. Avstanden er så stor at utsleppet vil fortynnast kraftig før det kjem hit. Det vil såleis ikkje vere nødvendig å ta jodtablettar, og barn og vaksne vil kunne opphalde seg utandørs i Noreg.

Det er ein viss risiko for at eit utslepp kunne føre til at næringsmiddel vert ureina i deler av landet. For å sikre trygg mat kan det såleis verte aktuelt med tiltak. Det kan t.d. vere å halde mjølkeproduserande dyr innandørs og å endre haustetidspunkt for grønsaker. Det kan òg vere aktuelt å gi kosthaldsråd.

Eit utslepp ved Zaporizjzja kjernekraftverk kan nå deler av Noreg i løp av 16 timer ved kraftig vind. Med normal vind er det sannsynleg at utslepp vil nå oss i løpet av eitt til to døgn.

Meir informasjon om konsekvensar for Noreg ved eit eventuelt utslepp finn de her: <https://dsa.no/atomberedskap/ukraina--atomsikkerhet-og-beredskap>

Skog

Planteskogen – hogstmogen?


I følge siste områdetaksten er det 11 500 daa med planta gran i Gulen. Denne veks med 8 300 m³ per år og ståande kubikkmasse er rundt 157 000 m³. Noko av denne skogen er no 50 – 70 år og byrjar bli klar for hogst. Spesielt skogen som veks på god bonitet, gode veksetilhøve. For å få eit best mogeleg økonomisk resultat, må ein vente med hogsten til skogen er hogstmogen. Oftast må skogen vere 50 år ++. Det vil seie 60 – 70 år. Nokre stader endå eldre. Har du skogbruksplan, børst støvet av den og sjå kva tiltak som høver gjere i din skog.



Prisar

Prisane på tømmer har auka dei 2 siste åra. Prisane i grafen under er gjennomsnitt for landet og Vestlandet pleier ligge noko lågare.

Prisutvikling på tømmer - juni 2020 til juni 2022



Kilde: Landbruksdirektoratet

Framover er den korte meldinga at skurtømmerprisane kan gå noko nedover då byggeverksemda har stoppa litt opp. Massevirkeprisane kan halde stand eller gå litt opp. Energivirke, som bjørk til ved, ser prisen ut til å vere stigande. Det er stor etterspørsel etter dette sortimentet. Ønskjer du avvirke tømmer, ta kontakt med kjøper for prisinformasjon og kva dei tek imot og når.

Sjølvhogst- entreprenør

Nokre av skogeigarane ønskjer å hogge skogen sjølve. Og har ein utstyr til det, tid og kompetanse, er det eit fint arbeid å drive med.

Andre ønskjer sette bort hogsten. Då må ein avtale drifta med ein kjøpar. AT Skog er skogsamvirke sin organisasjon på Vestlandet. Andre mogelege kjøparar er Fjordtømmer og Nortømmer.

Når ein planlegg hogst, må ein også planlegge forynginga. Brukar ein entreprenør, må det vere avklart kven som plantar etter hogsten, entreprenøren eller skogeigar sjølv. Ein har 3 år på seg etter hogst til å forynge arealet. (skogbrukslova § 6.)

Plantefeltet, korleis ser det ut?

Har du eit plantefelt som er 1- 2 år gammalt, kan det vere lurt å ta seg ein tur for å sjå korleis det ser ut. Kommunen erfarer at i nokre plantefelt er det stor avgang av plantar. Medan andre plassar kjem det opp mange sjølvfrødde plantar og ein må avstandsregulere. På ein høg bonitet bør det vere minst 220 plantar per dekar. Så kjem ein ned på 170-180 plantar, bør ein plante inn på nytt.

Ungskogen.

Ungskogpleie er ofte forsømt i våre skogar. Ein plantar små spirar som så må klare seg sjølv til trea er hogstmogen. Tiltak som lauvrydding og avstandsregulering vil føre til betre kvalitet på trea som står att og slik til betre økonomi ved sluttavvirkinga.

Skogsveg.

Sidan vi stort sett er i første krinløp i grandominert skog, er vegutbygginga ikkje tilstrekkeleg. Skal skogeigar få ut planteskogen, må det veg til. Denne bør byggast rett før hogst for å få nytte skogfond til å betale vegen med. Likevel må ein byrje planlegginga nokre år før ein tenkjer hogge. Vegen skal både planleggast og byggast. Slike vegar må ein søkje kommunen om å få bygge. Om skogeigar signaliserer til kommunen i god tid att slik veg er under planlegging, kan kommunen melde dette til statsforvaltaren og tiltaket kan budsjetterast. I motsett fall kan det ta lengre tid før ein kjem i gang med vegbygginga.

Skogfond

Skogfond er pengar skogeigar må setje av når han sel tømmer. Ein må setje av mellom 4 og 40 % av salssummen. Dette er skogeigar sine pengar som kan brukast til bestemte oppgåver i skogbruket. T.d. kan dei brukast til å bygge skogsveg, til forynging og ungskogpleie. Lista er lengre. Når ein brukar skogfond til nemnte oppgåver får ein skattefordel slik at ein betaler berre 15 % skatt av pengane ein tek ut av fondet. Dette er ei stor gode for skogeigar.

Tilskot

Skogeigar kan få tilskot til planting, ungskogpleie og hogst i vanskeleg terreng. For hogst i vanskeleg terreng vil kommunen ha inn søknad 6 veker før hogsten er planlagt å starte. Vidare kan ein søkje om tilskot til bygging av skogsveg.

Tilskotet til planting er 50 % , kjøp av plantar og arbeid med å få dei i jorda. Totalprisen vert vurdert opp mot kva ein må betale ved å setje bort heile forynginga til entreprenør.

Det er 40 % tilskot til ungskogpleie.

Ved suppleringsplanting vert det gjeve eit sentralt tilskot på 60 % for kostnaden av inntil 50 plantar per dekar med krav om at plantetalet etter supplering tilfredsstillar det fastsette minimumstalet per dekar.

Ein kan også få tilskot til tettare planting som klimatiltak. Dette er på 80 % av kostnaden for inn til 50 plantar ekstra per dekar.

Ta gjerne kontakt med kommunen om det er noko du lurar på når det gjeld skogbruk

Natt i naturen

7. september arrangerte psykisk helse og rustenesta «Natt i naturen»

Dei som ikkje hadde utstyr sjølve lånte utstyr frå BUA.

Vi bada, padla, sto på brett og fiska.

Fiskelukka var ikkje med oss denne gongen.

Solnedgangen såg vi frå Steinsfjellet. Ein fin rusletur på ca 4 km t/r. Overkommeleg tur for de fleste.

Kvelden blei nytt til sosialt samvær rundt bålpanna der latteren sat laust.

Natta var ganske kjølig, men vi var godt førebudd.

Om morgonen blei vi vekt av flydur. Ei vakker skue på morgonen.

Kaffe smakte ekstra godt då temperaturen fortsatt var lav fram til sola kom.



Anne Karin D. Haveland
Fagleiar psykisk helse og rus

Tur til Solgården august 2022

Endelig kunne Dalsøyra Aktivitetssenter, brukarar og personale, reise til Solgården! Etter å ha venta nesten 2 år grunna korona, kunne vi endeleg vende nasen mot varmare strøk. 16 august reiste en spent gjeng på 16 personar avgarde.



Etter over 20 tima på reisefot var vi endeleg framme i sol og varme. Og vi gleda oss veldig til alt det kjekke vi ville oppleve.

Gjennom veka vi var der, bada vi sjølvsagt mykje, sola oss, var på utflukter vi både på by vandring og til dyrepark med dyr fra heile verden. Me var på stranda og bada i Middelhavet og vi åt masse is.

Solgården er ein fantastisk plass, med eit fantastisk personale og det var utruleg tilrettelagt for absolutt alle. Kan virkelig anbefalast å ta ein tur til Solgården. Me håpa verkeleg vi kan få moglegheit til å kunne sende gjengen vår på ferie til Solgården fleire gongar.

Vil og sei tusen hjarteleg takk til alle som sponsa oss med midlar slik at vi fekk gjeve brukarane vår ein opplevelse for livet!



Takk til: Formannskapet, Wergeland Halsvik, Norva 24 Vest, Gulen Pensjonistlag, Sætreleks Eiendom, Dalsøyra sanitetslag, Dalsøyra Bygdekvinnelag, Dalsøyra Aktivitetssenter og Gulen Taxi V/ Ivar Eide for transport til og frå Flesland.



Datakafe på Byrknes

Det vert datakafe på Byrknes skule i haust.

Følg med i aktivitetsskalenderen på heimesida til Gulen kommune for dag og tid.

Ta kontakt med Jan Ove Einebærholm om det er spørsmål til datakafen.



Idrettsrådet reetablert

Gulen Idrettsråd hadde årsmøte 01.09 der Gulen Idrettsråd vart reetablert.

Anne – Kristine Aas frå Vestland Idrettskrets var til stades og Håkon Matre var dirigent i møtet. Leiar for idrettsråd er Monica Rongved.



Idrettsråd er eit fellesorgan for alle idrettslaga i kommunen. Idrettsrådet skal jobbe for å styrke idretten i kommunen. Idrettsrådet skal vere ein arena for samarbeid mellom idrettslaga i kommunen, mellom laga og kommune og mellom idrettslaga og idrettskretsen.

Aktiv på Dagtid - Dalsøyra

Aktiv på Dagtid gruppa på Dalsøyra vart invitert til Spjeldnes gård av Astrid Spjeldnes. Sonen hender driv eit festlokale på Spjeldnes gård. Turgruppa gjekk tur i marka, var nede ved sjøen og åt ei deilig suppe til lunsj. Avslutta med kaffi og kaker og ein fin musikalsk stund i kårhuset på gården



BUA

BUA Gulen har snart fått to strøk med maling i løpet av sommaren 😊 Takk til flittige elevar i arbeidslivsfag gruppa (8.- 10. trinn) ved Dalsøyra skule.



BUA Gulen - Kva utstyr skal vi kjøpe inn?

BUA Gulen er glad for alle som har lånt fritidsutstyr i sommar, store og små. Det viser at vi er bra aktive i Gulen.



BUA Gulen er avhengig av økonomisk støtte for å kunne kjøpe inn fritidsutstyr til utstyrsentralen. Vi har søkt bl.a Bufdir - Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, Sparebankstiftinga og hjå det lokale næringslivet.

I år var vi heldig å få tilsagn på midlar hjå fleire aktørar;

Frå Bufdir fekk vi tilskot til å gjennomføre aktivitetsveka for born og unge i sommarferien og til innkjøp av BUA utstyr.



Vi var og fått pengegåve frå ei av våre lokale bedrifter "Gulen Blikk" på kroner 10 000. Med denne pengegåva har BUA Gulen kjøpt inn 3 og 4 camp telt, tarp, kjølebag, stormkjøkken m.m. Tusen takk for pengegåva.

BUA Gulen har igjen vore heldig og fått 60.000 frå Sparebankstiftinga.

No vil Bua Gulen ha ditt forslag til kva vi kan kjøpe inn av fritidsutstyr.

Del det gjerne med nokon du veit kan ha gode idear for fritidsutstyr og aktivitet.

Send gjerne forslag til telefon:

90 10 41 39 😊

RESSURSSJUKEPLEIAR I KREFTOMSORG OG ANDRE ALVORLEGE SJKDOMMAR I GULEN KOMMUNE :

Ressurssjukepleiar/ kreftsjukepleiar Mona Hjartholm vil gjerne være til støtte om du eller ein av dine næraste har fått ein kreftdiagnose ELLER ein anna alvorleg diagnose som pregar kvardagen din. Du er velkommen til å ta kontakt.



Kva kan eg som ressurssjukepleiar hjelpe deg med ? :

- ☺ Være til hjelp og ein ressursperson for deg som er ramma av sjukdom eller for pårørnde.
- ☺ Søke råd og gje råd og rettleiing.
- ☺ Være ein samtalepartnar som kan bidra med å sortere tankar i ei vanskeleg tid.
- ☺ Hjelpe i samarbeidet mellom deg, fastlegen, spesialisthelsetenesta og kommunen.
- ☺ Formidle kontakt til ulike tenester.
- ☺ Sikre oppfølging av barn og unge som er pårørnde.
- ☺ Koordinere og legge til rette for at du og dine får ein best mogleg kvardag.

Det trengs ikkje søknad eller bli tilvist frå lege eller spesialist.

Du som har fått diagnosen eller pårørnde kan ta direkte kontakt på telefon eller e-post.

Du kan også be andre ta kontakt. Kontordagar tysdagar og torsdagar.

Tilbodet er heilt gratis !



Hjarteleg velkommen til ein prat !

Med vennleg helsing

Mona Hjartholm

Mob. 47236906

Mail: mona.hjartholm@gulen.kommune.no

Aktivitetsbrosjyre for Gulen

Styret i Gulen Idrettsråd har drøfta at ein del fell utanfor idretts- og kulturaktivitetar fordi dei ikkje er klar over det som skjer i kommunen. Difor tek ein eit initiativ for å lage ei enkel brosjyre der siktemålet er å informere om all idretts- og kulturaktivitet som skjer i kommunen. Det er fint om idrettslag, skyttarlag, song- og musikk, kino, teater, ungdomslag, 4H, seniordans, trimgrupper og liknande melder inn kontaktperson med mobil og epost og eit oversyn over kortid aktivitetar skjer. Jørgen Virkesdal, jorgen.virkesdal@gulen.kommune.no kontaktperson for aktivitetsbrosjyra.